



Statsforvaltaren i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/422 - 23/45237

Saksbehandlar:
Josep Gayrbekov
josep.gayrbekov@alver.kommune.no

Dato:
14.06.2023

Oversending av klage til endeleg avgjerd - gbnr 322/281 Mjåtveit

Saka gjeld søknad om oppføring av 3 lagerbygg (Bt1, Bt2 og Bt3 i situasjonskartet). Bruksareal er opplyst til å vere ca. 9.730 dersom ein rekna med tenkt plan (4.865 m² utan tenkt plan).

Det vart gjeve løyve til tiltaket i vedtak datert 22.03.2023.

Faktura for tiltaket er datert 24.03.2023.

Gebyret vart klaga på av ansvarleg søker i brev motteke 02.05.2023. Klagen gjeld tolking av regelverket rundt utrekning av gebyra for bygningar med etasjehøgde over 3 meter. I følgje gebyrregulativ for 2023 pkt. 12-02 kommer det eit arealtillegg for næringsbygg over 1000m² på kr 33 pr. kvadratmeter. I merknaden er det presisert at dette gjeld for «bruksareal». I følgje definisjonen i TEK17 § 5-2(2)(a) inkluderer bruksareal både faktisk plan og tenkt plan. Når regulativet ikkje gjer unntak for tenkt plan i sine satsar la kommunen tenkt plan til grunn for utrekninga.

Søknadsplichtige tiltak		Gebyr		
Kode	Skildring	Tal	Sats	Sum
12-06	Basisgebyr næringsbygg inntil 1 000 m ²	3	23.938	71.815
12-07	Arealtillegg over 1 000 m ²	1 865	33	61.545
12-07	Arealtillegg over 1 000 m ² (tenkt plan)	4865	33	160.545
Totalt gebyr å betale:				293.905

Dei to øverste punkta er for dei 4.865 m² som inngår i faktisk plan. Det nederste punktet er for det 4.865 m² som inngår i tenkt plan.

Klagen blei avvist i vedtak av 10.05.2023 då den blei sett fram meir enn 3 veker etter faktura vart sendt ut.

Vurdering:

Alver kommune kan ikkje sjå at det har kome inn nye moment i klagen som tilseier ei anna vurdering i saka enn den som ligg til grunn for vårt vedtak.

Klagen vert sendt til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd.

Sakshandsamingstida hos statsforvaltaren er 12 veker.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Josep Gayrbekov
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Klage - ønsker å påklage til neste instans - ber om informasjon - gbnr 322/281 Mjåtveit

Klagen avvises - gbnr 322/281 Mjåtveit

Klage på gebyrfastsetting med vedlegg – gbnr 322/281 Mjåtveit

Klage på gebyr - Frekhaug

Klage på gebyrfastsetting – oppføring av lagerbygg - gbnr 322/281 Mjåtveit

Kopi av ordrenr. 9796

Fakturagrunnlag - gbnr 322/281 Mjåtveit

Løyve til oppføring av lagerbygg - gbnr 322/281 Mjåtveit

Søknad om tillatelse i ett trinn - lager /garasje - gbnr 322/281 Mjåtveit

Situasjonsplan

Tegning Ny Fasade Bt1

Tegning Ny Fasade Bt2

Tegning Ny Fasade Bt3

Tegning Ny Plan Bt1

Tegning Ny Plan Bt2

Tegning Ny Plan Bt3

Tegning Nytt Snitt Bt1

Tegning Nytt Snitt Bt2

Tegning Nytt Snitt Bt3

Følgebrev

Underlag Utnytting Areal beregninger

Kopi til:

Lagerseksjoner As

Henrik Ibsens gate 12

4878

GRIMSTAD

Mjåtveit Næringspark As

Trollhaugmyra 15

5353

STRAUME

Mottakarar:

Statsforvaltaren i Vestland

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER